

10 lag bak friluftslaget

21.03.2014

Det er 10 medlemslag til Uskedals friluftslag, ikkje 9 som det var oppgjeve i innkallinga. Ungdomslaget vart diverre gløymt av styret. No har alle fått innkalling til møtet 31. mars der framtida for Stemneplassen skal drøftast.

Ellers er det opplyst at det aktuelle område i Skårhaug er 9 mål, men frå anna hald høyrer vi at arealet er 12 mål. Kva er det rette?

Det kunne og vera interessant å få veta meir om historia til Stemneplassen frå folk som veit mykje om han. Skriv ein bit og send oss!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen